



KRAV: Det må nå bli et unisont krav om oppretting av alle faktafeil og myter i skolens lærebøker, skriver Bård Hauge. På bildet ser vi Bjørn Are Davidsen. Foto: Tore Hjalmar Sævik

Kulturhistorisk reiseguide

BOK

Anmeldt

Kristin Prestvold


Oppdag Vesterled

Nordlige Skottland, Orknøyene og Shetland

Museumsforlaget 2019, hf.; 240 sider

Eg har så vidt vore innom Skottland, heilt i sør. Men aldri vore korkje på Orknøyane eller Shetland. Men no kjenner eg at det hadde vore spennande å reisa dit! Boka til arkeologen Kristin Prestvold har bidrege til det. Ho er utdanna i faget, med historie

og sosialantropologi i fagkrinsen. I boka tek ho oss med på rundreise – i tekst og bilete – gjennom nordre del av Skottland og dei to nemnde øygruppene. Ikkje for å sjå korleis folk lever i desse områda no om dagen. Men for å lære om korleis det har vore før.



SMITTAR OVER

Her er eit vell av kulturminne, som steinsirkclar, gravhaugar, røyser, slott, borger og andre slags bygningar. Me får inn-syn i både skotske og norske jarlar, og kjende og ukjende personar frå britisk søge som Maria Stuart og Oliver Cromwell og mange andre,

og våre eigne norske vikingar har så visst sett mange spor etter seg i dei områda boka fortel om.

Prestvold auser av sin kunnskap, og det smittar over. Det er litt krevjande å ta fram nokre få dømme, men eg vågar meg til. Steinsirkelen Ring of Brodgar på Orknøyane, er imponerande. Ikkje berre i sin fysiske storleik, men ved den søga som er knytta til. Slottet Dunrobin Castle nord i Skottland kneiser i sin storleik og prakt, med sine nesten 200 rom.

CHURCHILL-BARRIERANE

Slagstaden Culloden – også nord

i Skottland – er også sterkta-lande, i all gru som høyrer med til det som skjedde der. På ganske kort tid ein vårdag i 1746 fall 1500 mann som fluer. Prestvold skriv at Culloden framleis røsker opp kjensler djupt i den skotske folkesjela. Her er omtale av St. Magnus-katedralen, landsbyen Shara Brae, og ikkje minst syntest denne meldaren det var spennande å lesa om Scapa Flow på Orknøyane, og alt som skjedde der i både første og andre verdskrigen. Både i samband med forlisa av «Hampshire» og «Royal Oak», dei mange tyske krigsskipa som vart senka, Churchill-barrierane, det italienske kapellet, med meir. Ein liten glipp fann eg også, då boka fortel om seksti tyske bombefly natta

for åtaket på Noreg i 1940. Her står det 08. mars, men skal sjølv-sagt vera 08. april!

SHETLANDS-GJENGEN

Til slutt tek ho også med litt om Shetlands-gjengen og den intense, og farlege, trafikken det var mellom Shetland og Noreg gjennom dei fem åra i andre verdskrigen. Mange av oss har akkurat dette i medvitet når me tenkjer på Shetland. Og dessverre ikkje så mykje anna. Men her er altså mykje meir å ta fatt i, enten ein vil lesa, eller ein vil reisa dit og sjå sjølv. Denne kulturhistoriske reiseguiden er i alle fall ein solid appetittvekkjar!

Paul Odland